

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Deres ref:

Vår ref: 17/02972-2 /

Dato: 10.11.2017

Høring - Forslag om endringer i opptakforskriften

Eininga for opptak har følgjande kommentarar til høyringa frå Kunnskapsdepartementet og forslag om endringar i opptaksforskrifta

Tilleggsforslaget om endringar som kom 2. oktober 2017

§ 7-10 Tilleggspoeng for alder

- (1) Søkjarar utanom kvoten for førstegongsvitnemål som har vitnemål om bestått 3-årig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse, får 2 alderspoeng per år frå og med det **året etter at dei har avslutta vidaregåande opplæring, men uansett** frå og med året søkjaren fyller 20 år,. **Ein søker kan maksimalt få 8 poeng.**

kommentar

Vi meiner at forslag til endring i forskrifta vil føre til eit lite effektiv opptak, og mykje manuell oppfølging i opptaksarbeidet. Det kjem ikkje fram at det er eit behov for ei slik endring i tildeling av alderspoeng. Det kjem ikkje fram om det er mange denne endringa gjeld, sidan dei fleste som avsluttar vidaregåande skole er 19 år. Sidan dette må følgast opp manuelt vil det skape moglegheit for feil. Det er viktig å ta med seg at den nye regelen blir uoversiktleg både for saksbehandlar og søkar, og det blir vanskeleg å rettleie komande søkarar for rådgjevarar i den vidaregåande skulen. Forskrifta fungerer slik den er no, og vi ønsker difor ikkje å endra den, men behalde den slik den er i dag.

Endringar i Kapittel 5

Når det gjeld endringane i § 5-3 Opptak på visse vilkår for søkarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne bli tatt opp til årskurs i norsk (NY) Søkarar til årskurs i norsk for utanlandske søkarar som kan dokumentere at dei fyller krav for opptak til studiar, med unntak av norsk, kan få tilbod om studieplass etter visse vilkår. Tilbod om ordinære studiar påfølgjande studieår, blir gitt på vilkår av at søkaren fullfører og består årskurs i norsk. Søkarar som ikkje består årskurs i norsk mistar tilbod om studieplass.

Kommentar

Det må kome fram korleis det skal vurderast om søkaren vil få tilbod om studieplass etter fullført norsk kurs. Skal vi følgje median eller karaktersnitt frå førre års opptak?

Ved utrekning av karaktersnitt for internasjonale søkarar skal norskkarakter tas med. Kva om søkar får lågare snitt etter fullført årskurs i norsk enn kva som var naudsynt for å kome inn på studiet, skal dei framleis få lov til å behalde studieplassen? Karaktersnitt kan også gå opp frå år til år, skal studentane som nå ikkje har høg nok poengsum til å kome inn på studiet framleis få studieplassen? Kva om klassen som tar årskurset i norsk er på 30 stk., og alle søker om opptak på vilkår til bachelor i økonomi året etter, kan då alle desse få opptak på vilkår, og da kanskje utgjere heile 1.års klassen i økonomi? Det vil vere nokre studiar som det ikkje kan gis vilkårsbundne tilbod på, til dømes lektor og lærarutdanningar, eller andre studiar som har karakterkrav i norsk.

Dersom søkeren søker opptak på vilkår til studiar som tas opp gjennom Samordna opptak (SO), må dei da søke om opptak til påfølgjande studiar same året som dei søker opptak til norskkurset? Skal dei søke etter at dei har bestått norskkurset, eller skal utdanningsinstitusjonen gå utan om opptaket og leggje studentane rett inn i datasystemet på studieplassen dei har fått på vilkår påfølgjande studieår?

Skal desse søkarane som får opptak på vilkår leggst rett inn av utdanningsinstitusjonen vil det vere uoversiktleg, særleg med tanke på tilbodstal. Norskkursa er det lokale opptak til, og dersom søkeren får tilbod på vilkår til studiar gjennom SO, vil det krevje nær oppfølging av Samordna opptak, og meir administrativt arbeid. Av erfaring veit vi at studentar endrar studieønsker i løpet av eit år, korleis skal vi handtere dette. Er visum berre knytt til dette studiet?

Det er for mange uavklarte spørsmål til denne endringa til at vi kan støtte forslaget om opptak på vilkår til utanlandske søkarar som ønsker å ta norskkurs, før vi får ei samordning av opptak for utanlandske studentar.

Med vennlig hilsen

Jan Atle Toska
Studiedirektør

Siv-Anita Eriksen Molid
Kontorsjef

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.